

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 25.06.2008 kl 0900 - 1000

Møtestad: Telefonstyremøte / Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Helge Espelid
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	
Gunnar Berge	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P Støyva	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Gisle Handeland	
Medlem	
Torill Selsvold Nyborg	
Medlem	
Eli Moldeklev	
Medlem	

Deltakarar frå administrasjonen:
Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomidirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Seniorrådgivar Torunn Nilsen

Saker:	
074/08 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
075/08 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 4. juni 2008
076/08 B	MOBA 3. etasje innreiing, Helse Stavanger HF
077/08 B	Rapportering frå verksemda per 31. mai 2008
078/08 B	Ny samansetting av det regionale brukarutvalet
079/08	Eventuelt

074/08 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Forfall:

Helge Espelid hadde meldt forfall til møtet.

Eventuelt:

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Besøk av Statsråden i Bergen og Stavanger (ON)

Styresak om drift av pasienthotell i helseføretaka (IH)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden

075/08 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 4. juni 2006

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokollen frå styremøte 4. juni 2008. Protokollen blir underteikna på neste styremøte.

076/08 B MOBA 3. etasje innreiing, Helse Stavanger HF

Kommentarar:

Styret i Helse Vest RHF behandla saka om MOBA 3 etasje innreiing Helse Stavanger HF i sak 40/08 B og det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Vest RHF ser positivt å innreiing av ny 3. etasje MOBA.*
2. *Styret i Helse Vest RHF ønskjer likevel ikkje å ta stilling til innreiing av 3. etasje MOBA før følgjande forhold er avklara:
 - a) *Helse Stavanger må dokumentera at dei har kontroll over kostnadsutviklinga i føretaket*
 - b) *Helse Stavanger må avklare kostnadsnivået til BUPA og eventuelt andre prioriterte prosjekt*
 - c) *Helse Stavanger må oppdatere sin investeringsplan for 2008 samt den 5 årige investeringsplanen*
 - d) *Helse Stavanger må utarbeide fornya dokumentasjon på driftskonsekvensane knytt til innreiing av 3. etasje samt korleis ledige areal i eksisterande byggingsmasse skal nyttast.*
 - e) *Lånesøknad på kr 100 mill blir tatt opp med Helse- og omsorgsdepartementet parallelt med dette arbeidet.**

Resultatet til Helse Stavanger ligg no etter 5 månaders drift 47,6 millionar kroner dårligare enn budsjett (inkludert salgsgevinst på 6,5 millionar kroner).

Dei største utfordringane er likevel knytt til manglande finansiering og likviditet knytt til framtidige investeringar.

I 2009 har Helse Stavanger føresett lån på kr 100 mill for å finansiera MOBA 3. etasje. Kostnadsnivået samt framdrift i prosjekta er og vurdert på nytt. Med bakgrunn i desse vurderingane treng Helse Stavanger ytterlegare kr 150 mill i lån i 2010 for å kunne finansiera Stavanger DPS.

Helse Stavanger HF har no bede Helse Vest om eit lån på kr 100 mill til finansiering av MOBA 3. etasje. Helse Vest vil følgje dette opp med Helse- og omsorgsdepartementet (jf. Vedtaket i sak 40/08 B punkt e). Når det gjeld lån på kr 150 mill til finansiering av Stavanger DPS, må dette bli vurdert i samband med budsjettet for 2010.

Styret presiserte at Helse Stavanger må ha fullt fokus på dei nødvendige prosessar for å kunne ta ut effektiviseringsgevinstane som ligg som føresetnad for gjennomføring av prosjektet MOBA 3. etasje samt dei effektiviseringstiltaka Helse Stavanger skulle gjennomføra etter realisering av pasienthotellet og MOBA.

Styret la også vekt på at det må vere ein klar føresetnad at Helse Stavanger tek dei nødvendige grep for å få økonomien på plass i 2008.

Etter ei samla vurdering gjekk styret inn for å godkjenne innreiing av 3. etasje i MOBA-bygget, under føresetnad av at Helse Vest og Helse Stavanger blir tilført nødvendig likviditet til å gjennomføra utbyggingsprosjekt.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF godkjenner at Helse Stavanger kan realisera 3. etg. MOBA under følgjande føresetnader:

1. Lån på kr 100 mill blir innvilga av HOD. Oppstart av plan og byggeprosess kan ikkje igangsettast før lånetilsegn ligg føre.
2. Helse Stavanger finansierer kostnadene til finansiering og drift innafor tildelte rammer frå Helse Vest.

077/08 B Rapportering frå verksemda per 31. mai 2008

Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon per 31. mai 2008.

	Mai			Hittil		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	-1 503	717	-2 220	2 530	2 546	-16
Helse Bergen	-10 667	-7 109	-3 558	-65 429	-21 356	-44 073
Helse Fonna	124	3 438	-3 314	-8 097	-330	-7 767
Helse Førde	-19 539	-16 440	-3 099	-49 120	-40 682	-8 438
Helse Stavanger	-14 480	-8 378	-6 102	-72 239	-24 659	-47 580
Kjøp av helsetenester	8 633	2 986	5 647	26 710	19 098	7 612
Administrasjonen	-33	-292	259	-1 307	-1 459	152
Helse Vest IKT	1 734	-844	2 578	3 276	-3 015	6 291
Sum	-35 731	-25 922	-9 809	-163 676	-69 857	-93 819
Reserve			12 000			60 000
Resultat justert for reserve			2 191			-33 819

Akkumulert resultat er kr 93,8 mill dårligare enn budsjett. Korrigert for reserve er avviket kr 33,8 mill. Det er Helse Stavanger og Helse Bergen som har dei store avvikna.

Helse Stavanger:

I Helse Stavanger er hovudårsaka til avviket meirforbruk på lønskostnader, innleie og gjestepasientar.

Resultatavviket pr. mai er på minus kr 47,6 mill. Dette er ei ytterlegare forverring på kr 6,1 mill. I mai er det ført gevinst ved sal av Sandnes sjukehus på kr 6,5 mill. Den underliggende drifta har difor eit avvik i mai på kr 12,6 mill. Den mindre negative trenden som ein så i april månad har derfor ikkje blitt vidareført i mai.

Driftskostnadene viser eit samla budsjettavvik på kr 57,8 mill der lønsavviket er kr 37,2 mill og innleie av personell kr 10,8 mill. Dei totale lønskostnadene har vist ei gradvis auke dei siste månadene og denne er ytterlegare forsterka i mai månad,

Helse Stavanger har gjort avsetning for buffer på kr 18 mill. Resultatavviket korrigert for buffer er på kr 29 mill.

Helse Bergen:

I Helse Bergen er avviket delt mellom varekostnader, lønskostnader og andre driftskostnader. Akkumulert viser Helse Bergen eit negativt resultatavvik på kr 44,1 mill. Resultatet for mai månad viser eit avvik på kr 3,6 mill. Avviket er lågare enn tidlegare månader og heng delvis saman med at det blei ført om lag kr 10 mill for høge kostnader i april månad som no slår positivt ut i mai.

Realisering av budsjetterte tiltak:

Helse Stavanger har per mai realisert 55 % av budsjetterte tiltak. Det vil si at realisering av tiltak har eit negativt avvik på kr 16 mill. Det er i hovudsak innan personalkostnader tiltaka ikkje har trådd i kraft.

Dei andre helseføretaka har ein gjennomføringsprosent mellom 81 og 99%.

Prognose:

	Prognose	Årsbudsjett	Avvik	Best case	Worst cast
Apoteka Vest	6 030	6 030	0		
Helse Bergen		0	0		
Helse Fonna		0	0		
Helse Førde	-40 000	-40 000	0		
Helse Stavanger		0	0		
Kjøp av helsetenester	40 000	40 000	0		
Administrasjonen	0	0	0		
Helse Vest IKT	233	233	0		
Sum	6 263	6 263	0	0	-100 000

Med basis i resultatutviklinga så langt i år er det ein betydeleg risiko knytt til oppnåing av resultatkravet. Dette gjeld i særleg grad Helse Stavanger og Helse Bergen.

Det er difor heilt avgjerande styret i helseføretaka avklarar risiko og sett i verk nødvendige tiltak for å avgrense risiko og styre verksemda i tråd med fastsett resultatkrav for 2008.

Likviditet:

Helse Vest hadde ved utgangen av mai eit samla trekk på konsernkontoen på tilnærma 1,2 mrd. Helseføretaka har ikkje innarbeida auka tilskot til pensjon i rapportert likviditetsprognose. Det er ikkje lagt inn utbetaling til lønsoppgjeren. Dette kan utgjøre opp mot kr 110 mill. I tillegg er det risiko knytt opp mot auken i reguleringspremie etter lønsoppgjeren og til resultatutviklinga i føretaka.

Styret la til vedtakspunkt 6 etter forslag frå Gunnar Berge.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek rapportering frå verksemda per mai 2008 til etterretning.
2. Styret godkjenner at Helse Vest skal søkje HOD om utvida driftskreditramme til frå kr 1,75 mrd til kr 2,15 mrd.
3. Styret ber administrerande direktør om å tilrå tiltak for å sikre likviditetssituasjonen ut året i neste styremøte.
4. Styret ber om ei utvida risikovurdering av resultatprognosen og likviditetsprognosene til neste møte med vurdering av best, middel og verste utfall
5. Styret i Helse Vest gir dei helseføretaka som har reserve anledning til å løyse denne opp.
6. Styret viser for øvrig til sitt vedtak i sak 05708 B Rapportering frå verksemda per 30. april 2008 og vil understreke føresetnaden om balanse i drifta i 2008.

078/08 B Ny samansetting av det regionale brukarutvalet

Kommentarar:

Det regionale brukarutvalet vart vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02.

Det går fram av saka at regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år av gongen.

Siste møte i utvalet med noverande samansetting vart halde 30. mai.

Etter innspele fra organisasjonane oppnemnde styret i Helse Vest følgjande representantar til det regionale brukarutvalet:

- Steinar Andersen, FFO Rogaland / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Njål Idsøe, FFO Rogaland / Norsk Revmatikerforbund
- Solfrid Lillebø, FFO Sogn og Fjordane / Mental Helse
- Jostein Melheim, FFO Sogn og Fjordane / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Gunn Leiknes, FFO Hordaland / Norsk Parkinsonforening
- Marit Sundal, FFO Hordaland / Multippel Skleroseforeningen

- Ingeleiv Haugen, SAFO / Norges Handikapforbund
- Else-Berit Ingvaldsen, Norsk Forbund for Utviklingshemmede
- Ruth Thu, Fylkeseldrerådet i Rogaland

Etter innspel fra organisasjonane oppnemnde styret i Helse Vest følgjande vararepresentantar til det regionale brukarutvalet:

- 1. vararepresentant frå FFO Rogaland
Kari Toftøy-Andersen, Noregs Fibromyalgiforbund
- 2. vararepresentant frå FFO Rogaland
Elisabet Salte, Norges Astma og Allergiforbund
- 1. vararepresentant frå FFO i Sogn og Fjordane
Odd Hansen, Hørselshemmedes Landsforbund
- 2. vararepresentant frå FFO Sogn og Fjordane
Sissel Stavøstrand, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- 1. vararepresentant frå Hordaland
Katrin Holmefjord, Mental Helse
- 2. vararepresentant frå FFO Hordaland
John Thorbjørnsen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Vararepresentant frå SAFO
Helen Aareskjold, Norges Blindeforbund og Norsk Forening for Døvblinde
- Vararepresentant frå fylkeseldrerådet i Hordaland
Olga Johannessen

Vedtak (samrøystes):

Medlemmene til det regionale brukarutvalet for perioden 2008 – 2010 vert oppnemnd i samsvar med saksføreleget.

079/08 Eventuelt

Besøk av Statsråden i Bergen og Stavanger (ON)

Styreleiar orienterte om at Statsråd Bjarne Håkon Hanssen vil på besøke alle helseregionar før sommarferien. Besøket i Helse Vest blir 1. og 2. juli. Program er ikkje klart enno. Styremedlemmer som ønsker å delta, må gje melding om det til administrasjonen i Helse Vest.

Styresak om drift av pasienthotell i helseføretaka (IH)

Inger Hamborg etterlyste styresak om drift av pasienthotell i helseføretaka. Styret har tidlegare bedt om denne saka i styremøte 27. juni 2007 – Sak 059/07 og i styremøte 3. oktober 2007 – Sak 085/07.

Saka vil bli lagt fram på styremøte i september/oktober 2008.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 25. juni 2008

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Sett:

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev

Aslaug Husa